

# Aktive ungar på K

## 43 deltakarar på Nordmøre og Romsdals kystleir ved Kvitholmen

Kjempartig å padle kajakk, seier Jonatan Hasselgård frå Molde og Hanna Wiborg frå Kristiansund. Dei frydar seg i hamna på Kvitholmen.

**IVER GJELSTENLI**  
iver.gjelistenli@-b.no

**EIDE:** Dei er to av 43 barn i alderen 11 til 15 år som akkurat no har ei aktiv ferieveke i regi av Nordmøre og Romsdal Friluftsråd, Møre og Romsdal fylke og Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal.

**Kystcamp.** På programmet står aktivitetar knytt til kysten, ikkje unaturleg når dei heldt til på ein av dei finaste stadene på nordmørskysten, Kvitholmen utanfor Skothelmsvikalengst aust på Hustadvika.

– Kystkultur og aktivitetar som fiske, kajakkpadling og øyvandring er ein viktig del av programmet. I tillegg får deltakarane tilbod om å prøve pil og boge, luftgeværskyting, slakk line og rappell (nedfiring) frå det 12 meter høge fyrtårnet, opplyser leiarane Hugo Tingvoll og Joakim Flatøy Aae.

**Hugograut.** Romsdals Budstikke besøkte kystcampen på Kvitholmen tysdagformiddag. Vi var så tidleg ute at dei fleste låg i soveposane då Romsdals Budstikkens «reportasje-kajakk» glet stille inn på hamna. Etter vekking og morgonstell, starta dagen med frukost på langbordnede på kaia. På menyen stor «hugograut», det vil seie havtregraut med ymse tilbehør.

– Kjøle godt, men ikkje akkurat livretten min, seier Sondre Nordh (12) frå Frei medan han legg grunnlaget for ein aktiv formiddag med mykje drivstoff i kroppen.

Magnus Wiborg kjem forbi med tom tallerken, og han brukar sterke uttrykk:

– Hugos havtregraut truler!

**Havkajakk.** Etter på varmange ute med havkajakkar på hamna. Andre fangarare fiskar med hov og koss seg i sommarsola som også besøkte Kvitholmen denne formiddagen. Etter frukost kom fleire leitarar med båtskyss frå Gjengstøva. Siri Ask Fredriksen og Petter Jensen frå Møre og Romsdal fylke og Asa Fredly frå Norges Jeger og fiskerforbund Møre og Romsdal.

– Deltakarane kjem frå dei ti kommunane som er med i Nordmøre og Romsdal friluftsråd. Præna, Gjennes, Aukra, Midsund, Sandøy, Molde, Averøy, Nesset, Eide og Kristiansund. Dette er den andre kystcampen vi har her på Kvitholmen i sommar. Tilleggs skal vi ha ein kystcamp her i august og friluftseir på Sliethytta i Gjennes, opplyser Hugo Tingvoll.



**Frukost:** Alle de 43 deltakarane åt frukost utedørs på kaia i det fine sommarværet på torsdag.




**Kongens segl:** Kong Carl Johan 14. var kongedå Kvitholmen fyr stod ferdig i 1841.



**Graut:** Kjøle godt, men ikkje akkurat livretten, seier Sondre Nordh frå Frei.



**Morgonstund:** Snart klart for frukost.



**Kvitholmen:** Mange prøvde kajakken inne på hamna.



**Kajakk:** Jonatan Hasselgård (10 1/2) frå Molde og Hanna Wiborg (11) frå Kri


## Bygger ny kai på

Kvitholmen med sitt velkjende doble fyrtårn er ei perle på nordmørskysten. Ny kai gjer at båtfolket lettare kan komme seg på land.

**IVER GJELSTENLI**  
iver.gjelistenli@-b.no

**EIDE:** Ei trong, grunn og vernet renne er einaste tilkomst til hamna på Kvitholmen. Dette har gjort at større båtar ikkje kan legge til, men må ankre opp og gå inn med lettbat. Når sørvesten står på kjem heller ikkje mindre fartar seg inn i den godt beskytta hamna. No skal det bli nye tider og det er Kvitholmens Venner med fleire som står bak prosjektet.

**Pir og brygge.** Ein 14 meter lang pir på fastbola stokka skal forbindast med ei flytebrygge ved hjelp av ein 10 meter lang landgang.



**Innsida:** Den nye kaia ligg på innsida av Kvitholmen.

– Vitregnar med at piren skal stå ferdig neste veke, seier Svein Ola Indergård og Helmer Sørvik frå Angvik Byggekompani til Romsdals Budstikke.

**Spleiselag.** Bjarne Smørholm i Kvitholmens Venner opplyser at dette er eit spleiselag der mange har bidratt til finansieringa.

– Vi har fått 175.000 frå Spare-